

MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



M
A
S
F
J
O
R
D
I
N
G
E
N

50
Å
R

GUDSTENESTER

06. desember

Frøyset kyrkje kl. 17:00
Lysmesse med konfirmantane
v/Håkon Kinsarvik og Boris Kuprijanov

07. desember

Solheim kyrkje kl. 11:00
Adventsgudsteneste
v/Knut Fredrik Sørheim og Boris Kuprijanov
Nattverd. Takkoffer til Søndagskolen Norge.
Kyrjekaffi

07. desember

Granneheimen kapell kl. 15:00
Adventsgudsteneste med dåp
v/Knut Fredrik Sørheim og Boris Kuprijanov
Nattverd. Takkoffer til Skeivt kristent nettverk
Kyrjekaffi

Julekonsertar

Dei tradisjonelle julekonsertane med kor, korps,
solistar og andakt
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Søndag 14. des. kl. 15:00 Frøyset kyrkje
Søndag 14. des. kl. 18:00 Solheim kyrkje
Måndag 15. des. kl. 18:30 Sandnes kyrkje
Tysdag 16. des. kl. 17:00 Masfjorden sjukeheim

Skulegudstenester

Tysdag 16. des. kl. 09:00 Sandnes kyrkje
Fredag 19. des. kl. 09:15 Frøyset kyrkje
Fredag 19. des. kl. 12:00 Matre skule
Alle v/ Håkon Kinsarvik og Boris Kuprijanov

Julaften, 24. desember

Masfjorden sjukeheim kl. 12:00
Frøyset kyrkje kl. 14:00
Solheim kyrkje kl. 16:00
Julegudsteneste v/prost Helge Taranrød
Takkoffer til Redd Barna

1. juledag, 25. desember

Sandnes kyrkje kl. 12:00
Høgtidsgudsteneste v/Øystein Skauge og
Boris Kuprijanov
Nattverd. Takkoffer til Redd Barna. Kyrjekaffi

2026:

18. januar

Frøyset kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste med dåp
v/Knut Fredrik Sørheim og Boris Kuprijanov
Takkoffer. Kyrjekaffi

25. januar

Sandnes kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste med dåp
v/Knut Fredrik Sørheim og Boris Kuprijanov
Takkoffer. Kyrjekaffi

Gudstenester i februar:

1. februar: Solheim kyrkje kl. 11:00
8. februar: Granneheimen kl. 18:00
18. februar: Sandnes kyrkje kl. 19:00 Songkveld
22. februar: Frøyset kyrkje kl. 11:00

Det kan koma endringar.

*Oppdatert informasjon om gudstenestene i
Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no*

KYRKJELEGE HENDINGAR

DØYPTE:

21.09.2025 Jaran Tistel Tangedal

Frøyset kyrkje
Foreldre: Andrine Sleire Tistel og Øyvind Tangedal

26.10.2025 Sverre Langhelle Fjæreide

Solheim kyrkje
Foreldre:
Lene Langhelle Fjæreide og Gisle Hop Fjæreide

26.10.2025 Augusta Oline Berg

Solheim kyrkje
Forelder: Pernille Wiik Berg

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har
foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar:
Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve
å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den
heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den
kristne trua.*

Foto framside Solheim kyrkje: Torbjørn Sæle

DØDSFALL:

12.09.2025 Otto Torsvik, f. 1938

20.09.2025 Einar Johs Totland, f. 1948

13.10.2025 Kjell Leif Kalhovd, f. 1946

03.11.2025 Jon Hope, f. 1926

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.



JON HOPE TIL MINNE

Det er eitt spesielt minne eg har etter Jon Hope som eg vil dele her: Han var gått av som rektor ved Matre skule, og skulestyret/kulturstyret ynskte å markere dette med ein middag i Stordalen, i samband med at Masfjorden kommune hadde besøk av Fylkeskonservatoren med fylgje.

Det vart ei triveleg bordsete, og då den var over, følte nok Jon at han burde ta ordet og takke for samveret. Han reiste seg, og sa om lag dette:

“Då eg gjekk på lærarskulen, ga pedagogikk læraren vår oss eit nyttig råd. Ha sa at når vi fekk eit problem med uregjerlege elevar, kunne vi prøve eit triks med å stå på hovudet. Dette er eit råd eg har hatt glede av fleire gongar. Og eg trur sanneleg at eg er i stand til å utføre same trikset den dag i dag.”

Og som sagt, så gjort. Jon gjekk fram på golvet og stilte seg på hovudet, med beina rett til værs og med det lyseblå slipset sitt hangande nedover ansiktet og framover på golvet.

Eg synest denne episoden fortel litt om Jon. Den fortel om ein mann som heldt seg vital til langt oppi åra. Ikkje rart at han i si tid var den eldste aktive kommunestyrerepresentanten i Noreg. Og det høyrer med til historia at det neppe var mange andre kommunestyrerepresentantar som møtte like vel førebudd til møta som han.

Episoden fortel også om ein mann som ikkje akkurat tok seg sjølv så veldig alvorleg alltid. Hos Jon var det kort veg til smilet og den gode latteren.



Samtidig var Jon ein alvorsmann, med klåre meiningar som ofte grunna i det kristne livssynet han hadde, eller var basert på stor kunnskap om emnet ein hadde for seg. Men om han hadde teke sine tydelege standpunkt i ei sak, opplevdest det ikkje ubehageleg å vere usamd med Jon. Han møtte dei han var usamd med, på ein romsleg måte. Den slags er ikkje akkurat kvardagskost i våre dagar.

Jon var ein mann som trødde varsamt, men som likevel sette spor etter seg. Det kan hende mest synlege sporet han sette, var i arbeidet med Fjon fjellkyrkje. Ein kan undrast på om kyrkja i det heile teke hadde eksistert, dersom ikkje Jon hadde vore den gode pådrivaren han var.

Og han sette andre, men mindre synlege, spor hos dei han møtte. Spor i form av minne om ein mann som møtte oss med interesse og raus deling av kunnskap, med varme og romslegheit. Slik vi alle etter beste evne burde møte kvarandre.

Det er med takksemd at eg lyser fred over Jon sitt minne.

Tekst: Rune Garmann

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong? Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00




FARGELEGG



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror

JULEKORT

Av biskop Ragnhild Jepsen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus".

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus. Og ikkje minst:

Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie:

Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist - eit rotskot. Barnet som kom til verda i



Biskop Ragnhild Jepsen

Foto: Bjørgvin bispedømmekontor

mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

Kjære Jesus, det er du som skal kome.

Av den tørraste kvist skal von springe fram.

Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.

Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.

Amen.

SUPERSØNDAG 26. OKTOBER



Øverst fra venstre: 4-åringane, Sandnes
Midten fra venstre: 4-åringane, Frøyset
Nederst fra venstre: 10-åringane, Sandnes
Øverst fra høgre: 4-åringane, Solheim
Nederst fra høgre: 10-åring, Frøyset

SUPERSØNDAG OG AVSKJEDSGUDSTENESTER

Så var siste gudstenestedagen til vår gode sokneprest Torbjørn Sæle komen. Og som i alt Torbjørn gjer, så gjorde han også denne søndagen skikkeleg flott arbeid. Ikkje mindre enn tre supersøndagsgudstenester på rad, søndag den 26.oktober.

Først ut var Solheim kyrkje kl. 11.00. Der vart eit barn og ein ungdom døypt, og her fekk han hjelp av prest Kari Hop Fjæreide som var tante til dåpsbarnet.

På alle tre familiegudstenestene denne dagen vart det delt ut «Kyrkjeboka mi» til 4-åringane og «Teikneseriebibelen» til 10-åringane.

Så gjekk turen vidare til Frøyset kyrkje kl. 13.30, og tøydokka «Lars» følgde med. Han spela rolla som den bortkomne sonen i dagens preik, som Torbjørn visualiserte så flott, slik at det var lett å følgje med for både liten og stor.

Den siste i gudstenesterekka var Sandnes kl. 16:15. Her deltok og kyrkja sitt barnekor med flott song, og prosten Helge Taranrød var med. Han spela faren til den bortkomne sonen i dramatiseringa av preiketeksten. Og etter gudstenesta takka han Torbjørn for den nesten fem år lange prestetenesta han har hatt i Masfjorden.

På alle gudstenestene var det tid til ein enkel kyrkjekaffi, og masfjordingane fekk takka Torbjørn for åra han har vore sokneprest her.

Søndagen vart avslutta med middag for den avtroppande soknepresten og inviterte gjestar. Her fekk fleire takka Torbjørn for det flotte arbeidet han har gjort i Masfjorden og ønska han lukke til vidare som sokneprest på Radøy. Me er takksame for tenesta Torbjørn har gjort her hos oss, og denne søndagen vart eit flott punktum for oss alle.

Tekst: Eli Eidsnes

Foto: Eli Eidsnes, Tetiana Puliaieva og Liv Øydis Trædal

Takk for meg, Masfjorden!

eg vil seia tusen takk
for fine ord og alt som ligg bak
nesten fem år har gått
og eg har hatt det flott
det har blitt mange mil
og lydbok og podkast i bil
som omreisande Masfjordprest
i Austfjord og Bjørn West
i Nordbygda og lenger sør
i sorg når nokon dør
med Supersøndag og konfirmantar
og vippsing av offer-kontantar
sokneråd og andre gode råd
og ein og annan raud tråd
utdeling av brød og altervin
og bøker og dei som fekk Bibelen sin
korps og kor som stiller opp
mang ein prat over ein kaffikopp
menneskemøter med store og små

på sjukeheimen og med ungane før dei kan gå
gudstenester inne og ute i det fri
gjennom året, til jul og ved påsketid
preiker, møter, lys og song
av og til mykje på ein gong
latter, glede, tru og håp
bryllup, til og med kombinert med dåp
eg samlar minne i hjertet
og tenker det var verdt det
og kjem nok til å sakna å vere her
når eg snart på den grønne øya er
for mot slutten av Friluftslivets år
er det no tid for at eg går
og seier takk for meg
og må Gud velsigne deg
no er det andre som skal prestetenesta lede,
men uansett: Gå i fred, og ten Herren med glede

Torbjørn Sæle

SONGKVELD I SOLHEIM KYRKJE



På søndagskvelden den 28.september kunne du igjen høyra song og musikk i Solheimkyrkja. Då var det på ny songkveld. Det er 100 år sidan første salmebok på nynorsk kom ut, og dette vart markert ved at me denne kvelden berre song nynorske salmar. Torbjørn Sæle losa oss fint gjennom kvelden og fortalde litt om dei ulike salmane. Så leia Eli Eidsnes, Anny Bente Due-sund og Britt Hamsun frå forsongargruppa på Solheim alle trygt gjennom songane, saman med vår gode organist Boris Kuprijanov.

Etter ei fin songøkt, var det tid for god kveldsmat som kyrkjevert Liv Øydis Trædal serverte, og tid til ein liten prat med kvarandre.

Når me var god og mette, var det tid for å finne plassane att i benkane og sleppe til kveldens gjest, Jon Martin Skauge. Torbjørn innleia med ein samtale med Jon Martin om songane han lagar på klingande Masfjord-dialekt, og dei snakka mellom anna om den nye songen «Dag for dag» som han har spelt inn musikkvideo til i nettopp Solheim kyrkje. Så fylte Jon Martin kyrkja med song og sitt flotte gitarspel

til glede for dei frammøtte som kvitterte med god applaus.

Nytt denne kvelden var at ein kunne koma med «ønskesalme». Dette kom litt uventa på nokon, andre hadde alt fått den dei lika best på programmet. Men det vart ei fin avslutning der me song saman fleire av ønska som etter kvart kom. Dette vil me prøve å få til fleire gongar, så ta gjerne med deg «ønskesongen» din på ein lapp neste gong, så prøver me å få den med i programmet etter matpausen.

Tekst: Eli Eidsnes
Foto: Torbjørn Sæle



GODE FOLK ER GODT Å HA

“Korleis går det? Får vi snart ny prest?” Dette er eit spørsmål eg har fått ein del gongar, og svaret mitt har heile tida vore det same: “Eg veit ikkje noko om det enno. Men eg veit at prosten er i arbeid med saka, og at han syter for at vi i Masfjorden skal ha ei forsvarleg presteteneste fram til dagen då ein ny sokneprest går inn i teneste hos oss.”

Men det er ikkje berre trong for ny prest. Vi har også andre stillingar som vi treng folk i:

I Solheim har helselaget på Solheim teke ansvar for kyrkjetenar- og klokkartenesta. Men no ynskjer dei som har hatt ansvar for desse oppgåvene, å avslutte avtalen, og Masfjorden fellesråd vil med dette takke for det gode arbeidet som er lagt ned gjennom mange år.

I Frøyset har vi fått ein ny kyrkjetenar, men har sidan i haust mangla klokke. Dette har vore løyst ved dugnad, men vi ser ikkje at dette er ei løysing som vil stå seg over tid. Difor er Fellesrådet på utkikk etter klokke og kyrkjetenar i Solheim, og klokke i Frøyset.

Kva er så oppgåvene til ein kyrkjetenar, og kva gjer ein klokke?

Kyrkjetenaren har ansvar for dei praktiske oppgåvene knytt til arrangement som vert haldne i kyrkja. Det handlar om å sjå til at kyrkja er oppvarma når det skal vere gudstenester eller andre tilskipingar. Det handlar om å passe på at utstyr og inventar er på plass og klart til bruk, og at det vert teke godt vare på etterpå. Det handlar om å reingjere kyrkja når ho har vore i bruk. Og det handlar om å ringe med kyrjeklokkene før og under gudstenestene. Det er det nemleg kyrkjetenaren som gjer – ikkje klokken, som ein gjerne skulle tru av namnet.

Klokken si oppgåve er å assistere presten under gudstenesta, med skriftlesing, opplesing av bønner og bistand under nattverdsmåltidet – samt å køyre powerpoint-presentasjonar, om det er trong for det.

Begge funksjonane er viktige bidrag for å gjere gudstenestene til ei god oppleving for alle som er

til stades.

Stillingane vil verte lyst ut med det fyrste, så tenk gjerne gjennom om dette kunne vere av interesse for deg, eller om du veit einkvan annan dette kunne vere meningsfylt for.

Ei anna stilling som også vi treng folk til, er stillinga som kyrkjelydsarbeidar. Dette er ei stilling som tidlegare har vore knytt opp mot trusopplæringsarbeidet i soknet. Og framleis er det slik at det vil falle ein del trusopplæringsoppgåver på ein ny kyrkjelydsarbeidar.

Men vi har mange uløyste oppgåver som vi skulle fått gjort eitkvart med, og vi er opne for å legge til rette for at folk som har eit ynske om å bidra innan andre felt, skal kunne få høve til dette i den grad det let seg gjere.

Etter planen vil denne stillinga verte utlyst like etter nyttår. I utlysinga vil det kome ei nærare skildring av stillinga. Men det er fint om du alt no kan tenkje på om dette kunne vere noko for deg, eller om du kjenner einkvan som du trur kunne ta dette arbeidet på seg.

For som skrive står: Gode folk er godt å ha.

Rune Garmann



– Å gje noko til andre gjev like mykje tilbake, om ikkje meir.

Ove, frivillig i Kirkens SOS i 25 år

**Bli frivillig på chat og telefon
– og gjer ein forskjell!**

Les meir her: kirkens.sos.no/frivillig

**KIRKENS
SOS**

KONFIRMANT-JUBILEUM 50 ÅR



Me var 49 konfirantar dette året fordelt på tre sokn. 17 av oss kom på 50 års-markeringa og me hadde det kjekt saman denne dagen.

Tekst: Ragnvald Tangedal

Foto: Åshild Skuggedal

Bak f.v.: Alise Toft, Anne Lahti, Ragnvald Tangedal, Gro Elin Reknes Haugland (mellom Ragnvald og Trond), Trond Sellevold, Arve Sleire Hatlevik, Kjell Ove Torseth, Jorunn Sleire Opdal, Torbjørn Sæle

Midten f.v.: Gunn Marit Tangedal, Laila Solhaug Reknes, Kjellaug Merkesdal, Anne Gunn Ynnesdal, Svanlaug Steinsland, Terje Kolle, Hildegunn Brekke

Framme f.v.: Margun Sleire, Berit Nordland Totland

50 års-jubileumsgudsteneste i Sandnes kyrkje, god mat i magen ved Snikkarbua på Kvingo og quiz ved Torbjørn.

Den 14. september inviterte sokneprest Torbjørn Sæle til jubileumsgudsteneste for konfirmentane som blei konfirmerte i Masfjorden i 1975. Dette var noko eg hadde sett bilete av opp gjennom åra, men no var altså dagen plutselig komen til oss.

Når eg tenkjer tilbake på denne tida (1974 -1975) fyller det meg med mange gode og artige minne. Som at me fekk ny prest i Masfjorden, Olaf Gundersen, som likna meir på Jesus bileta i kyrkjene enn ein prest (om ikkje det lange håret hadde eit lyst raudleg skjær og skjegget var raudt). Me som hadde trudd at prestane var like gamalmodig som Øyseth! Gundersen fekk tidleg kallenamnet «Reserve-Jesus» blant sine håpefulle konfirmantspirar. Me synest han var ein livleg kar, sjølv om eg kan hugse at søndagskulelæraren me hadde på Frøyset, kom heilt i sjokk ut av kyrkja ein søndag fordi presten hadde klappa i kyrkja.

Han starta opp med «ten-sing» rundt om i kommunen og hadde engelsk bil av merket Sunbeam, ein fem-seters bil som han fylte opp med 7-8 ungdomar og køyrde med frå Sandnes til Kvingo og heim att etter øving.



MIN SALME

*Midt i hårdest vinter skjedde det en gang:
Som i jern lå jorden under vindens sang,
sneen la et teppe over iskald jord,
midt i hårdest vinter ble Maria mor.*

*Han som skulle fødes, var Guds egen sønn.
Hvor var husrom? Ingen hørte Josefs bønn.
Men en stall ble åpnet for de to til sist,
og Maria fødte Jesus Krist.*

*Engler og kjeruber, kledd i himmelsk drakt,
kunne ha vært samlet rundt ham og holdt vakt.
Men ved krybben ser vi ingen englehær.
Josef og Maria kneler der.*

*Hva kan jeg vel bringe med meg inn til ham?
Hvis jeg var en hyrde, gav jeg ham et lam,
hvis jeg var en konge, gav jeg gull. Men nå?
Hva har jeg? Mitt hjerte skal han få.*

Denne litt naive julesalmen finner vi på nr. 55 i Norsk Salmebok fra 2013.

Den er skrevet av Christina Rossetti ca 1870. Melodien er komponert av Gustav Theodor Holst i 1906 og salmen ble oversatt av Svein Ellingsen i 1986.

Med sin enkle oppbygging og språklige bilder, er salmen lett tilgjengelig for store og små.

Svein Ellingsen klarer å male et bilde som vi kjenner så godt. Men hvorfor en stall og hvorfor en tenåringsjente som vi kan tenke oss fikk høre det, ettersom hun da ikke hadde inngått ekteskap ennå. Ja, etter jødisk lov, kunne hun steines for sitt urene liv! Men sånn gikk det nå heldigvis ikke. Guds plan var annerledes. Og Josef, den helten, tok ansvaret for barnet som ikke var hans. Han kunne ha vendt ryggen til. Han kunne forlangt oppreisning for folkesnakket han nok ble utsatt for. Men han sto

i det og stolte på det som Guds engler hadde fortalt han.

Og der i stallen er det ingen englehær. For englehæren er ute på Betlehemsmarken og bringer det glade budskap til andre fattige folk, gjeterne.



Så går Svein Ellingsen inn i siste verset med et jeg-fokus.

Hva om jeg var der, hva kunne jeg tatt med? Ingen gave kunne være større enn mitt hjerte, hel og full overgivelse til Han som var sendt fra himmelen og skulle ta alle våre synder på seg!

En så stor oppgave at det en vanskelig å forstå. Men like fullt: Gud sendte sin sønn, oppdraget ble fullført og veien til himlen ble åpnet for oss.

La oss alle ta dette evighetsperspektivet med inn i advent og julen som står for døren.

God advent og velsignet julehøytid!

Sissel Andersen

(ikke masfjording, men fast camper på Nautesund)



KONFIRMANTÅRET ER GODT I GANG



Det er 23 konfirantar som er godt i gang med konfirmantåret sitt i Masfjorden. Ungdomar som lærer om Jesus, kristen tru og kanskje og litt om seg sjølv og sine vener dette året.

Etter presentasjonsgudstenestene i alle tre kyrkjene i august, var det tid for å samle alle konfirmantane til ei «bli kjent-samling» på Nordbygda skule 20.september. Der vart det sport, undervisning, pizza og besøk på sjukeheimen med roser og sjølv laga kort. Dette var kjekt både for dei som gav og dei som fekk, skjønna me.

Helga etter var det utedag ved dagsturhytta på Kvingo. I år er det friluftslivet sitt år, så då passa det godt med tur, undervisning i det fri og bålkos. I slutten av oktober reiste så alle på «bu heime-leir» på Fjon Fjellkyrkje. Fredag fekk dei lære om både sjølvbilde, identitet og gudstenester. Det vart ete eit godt tacomåltid, som nokre av foreldra laga til, og fleire koste seg med bordtennis og andre aktivitetar. Så avslutta ein med kveldssamling før alle reiste heim for å sove.

Laurdag møttest ein utkvilt gjeng til ny dag med både undervisning av Torbjørn Sæle, og kjekke uteaktivitetar rundt Fjon, og sjølv sagt god mat innimellom. I år har konfirmantane fått to bøker i tillegg til nytestamentet. Det er «konflogg» der dei går gjennom ulike tema som dei både høyrer, les og skriv om, og Torbjørn Sæle si bok «Peters hemmelige notater». Den siste las «forfattaren sjølv» fleire kapittel frå i løpet av helga. Leiren vart avslutta med bønnevandring og så var det å vaske og pakke seg ut av huset for denne gongen.

I løpet av konfirmantåret skal konfirmantane vere med på ein del gudstenester, og på fleire av desse er dei med og hjelper til med lystenning, powerpoint-visning, ynskjer velkomen i døra, og hjelper til med kyrkjekaffien mellom anna.

Første laurdagen i november fekk dei møta konfirmantane i Gulen og Solund på ei felles samling i Gulen kyrkje i Eivindvik. Desse skal dei og få møta att på felles leir på Alværa i februar.

Men før det står samlinga i Frøyset kyrkje 6. desember for tur. Då kjem Gulen-presten Håkon Kinsarvik og har ei samling for konfirmantane i Frøyset kyrkja. Denne dagen vert avslutta med lysmesse kl. 17.00. Her håpar me at både familie og bygdefolk kjem for ha ei fin førjulsstund i kyrkja saman med konfirmantane den ettermiddagen. Alle er hjarteleg velkomen!

Til slutt vil eg ynskje Halvard Gullaksen velkomen i staben. Han starta i jobben som konfirmantmedarbeidar i midten av september, og skal følgje dette konfirmantkullet fram til konfirmasjonane neste vår. Takk for arbeidet du gjer for årets konfirmantkull!

Tekst og foto: Eli Eidsnes



TENDE LYS VED MINNEGUDSTENESTENE

I november vart dei tradisjonelle minnegudstenestene i kyrkjene, der ein minnst dei som har gått bort i løpet av året.

Desse gudstenestene fann stad

- søndag 2. november i Sandnes kyrkje,
- søndag 9. november i Frøyset og Solheim kyrkjer.

Under gudstenestene vart namna til dei avdøde innbyggjarane i kommunen lese opp, og for kvar av dei vart det tend eit lys – som eit symbol på minne, takksemd og håp.

Gudstenestene vart akkompagnert av musikk, song og bøn, og minna oss om at Gud er nær oss både i sorg og i trøyst.

Det rådde ei særprega stemning av stille, lys og takksemd for livet til kvar og ein som vart minna.

Mange tente òg lys ved gravene til sine kjære denne helga, og fleire delte minne og bilete – som eit uttrykk for varme og fellesskap i desse novemberdagane.



Tekst og foto:

Tetiana Puliaieva, sekretær og kyrkjetenar

SOKNERÅDSPRATEN MED FRANK OPPEDAL

Utanfor vindauga på kyrjekontoret har det blitt mørkt, det blir jo det tidleg no i november. Men plutselig lyser telefonen opp, og eg får melding om at Frank Oppedal er klar for «soknerådspraten». Så eg ringer han, og får ei kjekk stund der eg får bli litt betre kjent med denne karen som stiller på soknerådsmøta våre som vara innimellom, og som er med i kyrkjeutvalet på Solheim. Etter den fine praten er eg så glad for å ha blitt betre kjent med han, så eg lar fingrane fare over tastaturet og håpar eg klarar å dele alt det kloke han sa med lesarane av Masfjordingen.

Frank Oppedal er 50 år og bur på Matre saman med kona og sonen på 5 år. Eldste dottera er 19 år og har flytta ut. Frank fortel at han kjem frå Oppedal i Gulen, men har budd på Matre dei siste 16 åra. Sidan han likar friluftsliv med fiske og fjellturar passar det bra å bu i Masfjorden.

Arbeidsplassen sin har han på Brekke skule der han er avdelingsleiar. Og på fritida er det musikk og fotball som gjeld. – Eg spelar gitar, seier Frank, – men det er no mest til husbruk. – Det er noko eg byrja med alt i barndomen, og framleis synest er kjekt. Når det gjeld fotball er det Brann som er laget, og han prøver å få med så mange kampar som mogleg på stadion.

Samtalen fører oss inn på «kyrkjespørsmåla» og eg lurar på kva kyrkja betyr for han? – Kyrkja har alltid vore der, både i glede og i sorg. Som ein viktig grunnpilar svarar Frank. Der får me feire viktige hendingar som bryllaup, dåp og konfirmasjon. Men det er og like viktig å få samlast der i sorg når det behovet kjem. – Det hadde vore veldig tomt om kyrkja ikkje hadde vore her som den felles samlingsplassen den er.

– Sidan eg jobbar med barn og unge, ser eg at fleire synest at verda i dag er vanskeleg og ikkje minst raskt skiftande, så fleire føler nok på ei uro, fortset Frank. Difor er det kjempeviktig med felles referansepunkt, slik kyrkja kan vera. Ein vert heile tida påverka både på sosiale media og tv, og det er behov for noko stødig og stabilt som ikkje forandrar seg så mykje, og her kan kyrkja være med å gje eit fast punkt i livet, og være ein viktig aktør i lokalsamfunnet vårt.



Kva er motivasjonen din for å vere med i soknerådet? – Eg dreiv ikkje akkurat noko valkamp, ler Frank, men eg vart no valt inn som varamedlem. Eg tenkte at det vart vel eit møte i «ny og ne», men det har vorte fleire møte.

Og så er du no med i kyrkjeutvalet på Solheim, seier eg.

– Ja, og ei kjekk oppgåve der er å lage til kyrjekaffi! – Det likar eg godt. Då blir det tid til ein prat over kaffikoppen, og fint å vere på gudstenesta. Og så får eg skryt for maten, og det er kjekt. Men dei gode orda om maten må eg som oftast gje vidare til kona, for det er ho som tryllar fram den gode baksten eg har med meg. Ofte blir både ho og sonene vår gjerne med på desse gudstenestene om dei kan. Så då blir dette ein ting som me som familie kan gjere saman.

Kva bør kyrkja i Masfjorden satse på framover?

– Eg føler at kyrkja har ein sterkt og solid posisjon her i Masfjorden, svarar Oppedal. Den er open og inkluderande.

– Men om det er mogleg ynskjer eg at det kan bli enno fleire kulturtilbod og gjerne musikk i kyrkja. Sidan eg brenn for ungdomen, kunne det gjerne vore meir tilbod for dei? Det er viktig at dei får andre tilbod enn

internett og sofasitting, reflekterer Frank vidare.

Har du eit godt møte eller minne med kyrkja som du vil fortelje om?

- Oi, ja eg har mange, svarar Frank raskt. Men eg vil trekke fram eit frå Brekke kyrkje, som er «heimekyllrkja» mi. Der er det skulegudstenester kvart år. Då samlast alle elevane på skulen, og går i «flokk og følge» til kyrkja som ligg nær skulen. Her får me høyre juleevangeliet og syngje kjente julesalmar. Dette er ein flott tradisjon som både store og små synest er veldig stas, og som eg er svært glad for at me kan halde fram med.

Til slutt må eg berre spørje den musikkinteresserte soknerådsmedlemmen om kva salme han helst syng i kyrkja?

-Og Frank er rask med svaret. – Ikkje berre i kyrkja, men og på skulen.

På Brekke har skulen eit flott skulekor som syng på juletreffestem på skulen. Og då tryllar den flinke musikk læraren vår fram både tre- og firstemt korsong på minst tre julesalmar.

– Mine favorittar er «Mitt hjerte alltid vanker» og «Fager er jordi». Og her er Frank bestemt, den kjende «Deilig er jorden» må syngast på nynorsk!
- Og når den blir framført fir-stemt med skuleelevane er det berre så flott, mimrar han.
- Eg får vere med å syngje bass, og det likar eg, for det er så kjekt å syngje, avsluttar Frank Oppedal med.

Takk for praten Frank, og god jul til deg og dine.

Tekst: Eli Eidsnes

Foto: privat

JULEGUDSTENESTER

JULAFTAN, 24. DESEMBER

MASFJORDEN SJUKEHEIM KL. 12:00
FRØYSET KYRKJE KL. 14:00
SOLHEIM KYRKJE KL. 16:00

JULEGUDSTENESTE V/HELGE TARANRØD.
TAKKOFFER TIL REDD BARNA.



1. JULEDAG, 25. DESEMBER

SANDNES KYRKJE KL. 12:00

HØGTIDSGUDSTENESTE V/ØYSTEIN SKAUGE
OG BORIS KUPRIJANOV.
NATTVERD. KYRKJEKAFFI.
TAKKOFFER TIL REDD BARNA.



DEN NORSKE KYRKJA
MASFJORDEN SOKN



MASFJORDINGEN - 1975 - 2025



FØRSTE UTGÅVE AV MELDINGSBLADET
KOM UT I OKTOBER 1975:

MELDINGSBLADET

Arbeidet med eit meldingsblad for Masfjorden er sett igang av dei tre sokneråda i fjorden. Bladet gjev seg ikkje ut for å vera eit kyrkjeblad. For Nordhordaland har vi kyrkjebladet Helg, og meldingsbladet skal ikkje vera noko konkurrent til dætte.

Eit av hovudsiktemåla med bladet er at det skulle knyta folket i Masfjorden nærare saman.

Masfjorden er som kjent heller grisgrønt og attpåtil tre-delt. Korleis ulike lag og foreiningar i ein del av kommunen arbeider er ofte lite kjent i dei andre delane. Større nyhende frå Masfjorden får ein som oftast kjennskap til gjennom bergensaviser. Det som hender av meir lokal karakter får ein som oftast lite kjennskap til.

Og nett slikt stoff er det ein gjerne vil ha tak i. Smått og godt nytt, som gjerne formidlar idear og inspirasjon og gjev næring til bygdemiljøet.

Ein vil såleis prøva å avspeгла det som skjer i fjorden. - For at der er in del aktivitetar rundt om, det veit ein.

Vi er dermed avhengige av at alle som har noko å melde, sender dette inn til redaksjonen. Dette gjeld både offentlege kontor, privat personar, lag og foreiningar. skal bladet ha noko verdi, er vi heilt avhengige av eit godt samarbeid her.

Dette nummeret er eit prøvenummer men når bladet kjem skikkeleg i gjenge hadde vi tenkt at det skulle kome ut kvar fjortande dag. Forebels

KVA SKAL VI KALLE MELDINGSBLADET?

Ja, det veit ikkje redaksjonen. Det vil me overlata til lesarane å avgjera.

Me vil kort og godt lysa ut ein konkurranse: Namn/tittel på meldingsbladet. -

Så Masfjording, - bruk fantasi og tanke og send ditt forslag til redaksjonen innan 15.november.



FRÅ SISTE SKULESTYREMØTE.

Det kostar å halda skule. Framlegg til skulebudsjett 1976 over 3,6 mill.

Fleirtalet går inn for at alle 6. og 9. klassingane skal få ei vakes opphald på leirskulen i Dyrkolbotn.

To elevar tykkjer det er nyttig å ta eit 10.år ved Ungdomskulen på Sandnes.

Ungdomskuleelevane frå Solheim er mest interesserte i å reisa til Sandnes.

Skulestyret ser det som god ordning å byggja idrettsbane saman ned leikeplassen ved Nordbygda skule.

er det vel truleg at det kjem ut ein gong i månaden. Ideelt sett burde bladet vera eit vekeblad, men det lyt vere eit mål å arbeide mot.

REDAKSJON: Harald G. Molland, Anne Mari Steinsland, Berit Hope.

Masfjordingen

Meldingsblad
for
Sandnes, Solheim
og Frøyset sokn

Nr 1. Januar 1976. 2.årgang.



NR. 1 1976 - 1. UTGÅVE MED NAMNET MASFJORDINGEN

Namneforslaget var sendt inn av Signy Juvik frå Haugsvær

NAMN

Bladet vårt har som de ser fått eit litt nytt andlet. Redaksjonen har no bestemt seg for eit endeleg namn på Bladet.

Ein tok hensyn til dei namneforslag som var kome inn. Ein fanniikkje blandt dei noko forslag som hadde alle eigenskapar for eit godt bladnamn: originakt, - dekkjande, - fengjande.

Men me synst likevel at bladet vårt har fått ei god framside. "Masfjordingen", nokon betre? Neppe !

Dette namneforslaget vart sendt inn av Signy Juvik, Hogsvær.

Meldingsblad for Masfjorden
postgiro 3803715.
5190 Risnes.

Meldingsbladet vert gjeve ut av sokneråda i Masfjorden.

Redaksjon: Harald G. Molland.
Anne-Mari Steinsland.
Berit Hope.

NY MEDHJELPAR.

Redaksjonen fekk ei svært gledelig melding nett før utgjeving av forrige meldingsblad. Rigmor Andersen hadde nemleg sagt seg villig til å ta ein del maskinskrivingsarbeid for oss.

Ein del av oss tenkte på dei seine nattetimane ved skrive-maskina, då ein berre sat og trykke ned feil bokstav, og pusta no letta ut.

Me vil her nytta høvet til å sei hjartans takk til fru Andersen. Dette er litt av byrginga til ei god arbeidsfordeling når det gjeld bladet.

Fortsetjinga kjem når folk rundt om i fjorden tek seg tid til å samla stoff til bladet.

Stoff som skal inn i meldingsbladet treng altså ikkje vera skrivee på maskin.

Lever - eller send det til ein av medlemmane i redaksjonen, helst i litt god tid, så sender vi det vidare til maskinskriving.

JON HOPE 1926 - 2025

Skulemannen, samfunnsmennesket og lokalhistorikaren Jon Hope er gått ut av tida. Måndag 3. november tok eit langt og innhaldsrikt liv slutt. Neste sommar ville han fylt 100 år.

Jon var odelsgut heime på Solheim, og det var nok meininga han skulle bli bonde der. Men han valde å gå skulevegen og vart lærar. Det trur eg me skal vera glade for. Sjølv fortalde han at det var ei spesiell hending som gjorde at han ikkje vart bonde: Som gut kom han ein dag heim og melde frå om nokre sauer som hadde gått seg tofast. Då hjelpemannskapet kom fram og skulle berga dyra, fann dei berre nokre geiter. Då rista dei nok på hovudet både den eine og hin: Bonde, du, som ikkje ser skilnad på sau og geit!

Så kan me heller vera takksame for den store innsatsen han la ned i skulen. Det er knapt nokon som har arbeidd like lenge i skulen i Masfjorden som Jon. Han starta som ufaglært lærar hausten 1947 og slutta si lærargjerning våren 1994. Då hadde han vore rektor på Matre skule sidan 1968.

Tidleg på 70-talet var skulemønsteret for Masfjorden lagt etter fleire rundar i kommunestyret. Det er det same mønsteret me har den dag i dag, tre kombinerte barne- og ungdomsskular. Jon arbeidd mykje for å halda på dette mønsteret. Det var særleg den lange skulevegen han då tenkte på, men han var òg bekymra for at det kom til å bli eit fattigare skulemiljø i dei krinsane som ikkje fekk ungdomsskule. Det seier sitt om engasjementet hans for denne saka at han stilte til val på nytt i 2019, 93 år gammal og blei landets eldste kommunestyre-medlem.

I 1963 vart han vald inn i kommunestyret for fyrste gong. Den gongen, og ved valet i 1967 stod han på Senterpartiet si liste. Seinare hugsar me han som trufast representant for KrF. Han fekk to år som ordførar, 1986-87. M.a fekk han då vera med på den offisielle opninga av Austfjordvegen.

Alle dei som har lese i sogeheftet «Fjon frå fjell til fjord», har støytt på lokalhistorikaren Jon Hope. I kvar årgang, frå fyrste nummer i 1991 og fram til 2021 hadde han minst ein, helst fleire artiklar

på trykk. Det er ei skattekasse for alle som er interessert i lokalhistorie. Det var fyrst etter at han blei pensjonist, at han fekk tid til å skriva. Men han hadde samla mykje historisk stoff gjennom åra, og no kom det til nytte. Jon var ein dyktig forteljar både skriftleg og munnleg. Han hadde mange gode «skoser» han kunne krydra ein samtale med, gjerne etterfølgd av den kjende og sterke låtten. Han var ein mann med sansen for den treffande replikken og den gode formuleringa.



I 1990 vart Masfjorden sogelag skipa, og Jon fann sin plass der. Det førte til at han i sin tur vart leiar i styret for Bjørn West-museet og var med og tok imot Kong Harald då han opna museet i 1994.

Kulturmannen Jon Hope var òg lyrikar og skreiv dikt både for skrivebordsskuffa og for publisering. Det mest kjende diktet hans er vel Masfjordsong, som er å rekna som vår lokale «nasjonalsong».

Eg vil avslutta dette minneordet med eit anna dikt han skreiv, og lyser fred over Jon Hope sitt minne.

Alf Strand

*Snøfall ved juletid
Så stilt frå skya dalar ned dei lette snøkorn små,
og legg seg tett på stein og tre, på tue, mark og strå.*

*No bygda under snø vert lagd. Alt grått og trist vert kvitt.
Han kler då alt i helgedrakt med dette teppet sitt.*

*Han skaper liksom verda ny. Tenk, kor det saman fell
med hendinga i Davids by den fyrste julekveld.*

*Du står og ser dei lette fjom, og tankane dei fer
til vesle barn i krubberom. Din frelsarmann han er.*

FJORDGLIMT 4H

Hjartebankmidlar

Fjordglimt 4H søkte om Hjartebankmidlar til vassportaktivitetar, men trua på at søknaden skulle få positivt svar var ikkje stor. Difor blei me svært overraska over mailen me mottok, der det stod at me var 1 av 10 heldige dei ville gje midlar til. Me fekk konsertbilletter til Hjartebankkonserten i Knarvik, uvitande om kva me skulle motta. 14 glade 4H-arar stilte på kort varsel og var med opp på scena for å motta ein sjekk på heile 100.000 kroner.

Det var ei stor oppleving for ungane å stå på ei stor scene og motta pengesjekken.

Dette er pengar me gler oss til å bruka på kjekke opplevingar i samanheng med vassport. No skal ungane i klubben få vera med på å bestemma kva slags utstyr dette skal vera, om det blir kajaker, trampoline på vatn, boble ein kan gå i på vatnet med eller andre ting. Det er mange gode idear, men det viktigaste er at dette skal vera noko medlemmane våre får stor glede av.



Haustfest

2.november gjennomførte Fjordglimt 4H sin årlege haustfest på Solheim grendahus. Medlemmane brukte laurdagen til å dekkja bord, laga til utstilling og program. Søndagen starta med utstilling i forkant av programmet. Her var det varierte prosjekt som blei vist, mellom anna friluftsliv, baking, matlaging, hønseshald, maling og einhjuls sykkel. Dette er prosjekt dei sjølv har valt å jobba med gjennom 4H-året.

Deretter blei det eit tradisjonelt program frå scena med opplesing av årsmelding og sketsjar før gratis middag og kaker. I år hadde klubben 40-årsjubileum. Dette blei markert med ei stor marsipankake.

Det var i år 17 medlemmer som mottok diplom og merke for vel gjennomført 4H-år, delt ut av ein representant frå 4H-fylket. Me gler oss allereie til å planleggja neste 4H-år, og har allereie fleire aktivitetar med overnattingar på programmet. Er du nysgjerrig på 4H og kanskje kunne tenkja deg å bli med i gjengen vår? Ta kontakt, for det er alltid plass til fleire.

Tekst: Helga Nyhavn Matre

Foto Hjartebankmidlar: Frode Oppedal

Foto Haustfest: Åsne Nyhavn Matre Hosøy

ELDREFESTEN PÅ SNIKKARBUA 1. OKTOBER



Rundt 60 påmeldte hadde benka seg ved dei flott pynta borda i Snikkarbua på Kvingo, då det var klart for markering av Eldredagen 2025. Leiar i Eldrerådet, Svein Kvamsdal, ønskte alle velkomne før heile festlyden var med og song Masfjord-songen som Jon Hope har skrive teksten på. Jørn Skauge sytte for stødig akkompagnement på piano.

Frode Skag Storheim hadde deretter foredrag om nynorskdiiktaren Jakob Sande, krydra med diktopplesing og musikalske innslag. Han la vekt på at Jakob Sande var ein heimstad- diktar, og hadde mange kjente dikt som det var lett å laga melodiar til.

Til avslutning spelte Frode piano til den kjente songen «Gubben og Katten», der forsamlinga deltok med engasjert allsong.

Deretter overtok Jørn Skauge med ein minikonsert der han presenterte fleire satsar frå Edvard Grieg sin Peer Gynt-suite. Han spelte mellom anna Anitras dans og Dovregubbens hall med stor innleving og halsbrekkande teknikk. Deltakarane på eldrefesten gav han stor og fortent applaus etter framføringa.

Det vart servert middag med kjøtkaker med ertestuing, deretter dessert med sviskekompott, og seinare eit imponerende kakebord og kaffi. Kjekke og driftige elevar frå Sandnes skule stod for serveringa, og fekk saman med vertskapet på Snikkarbua blomar og heider for innsatsen sin.

Etter pause med beinstrekk og god prat kom Berit Lygre og delte mange dikt som ho har skrive sjølv, og som ho har delt på Facebook. Dikt og ord til glede og ettertanke som forsamlinga lytta til med andakt!

Deretter var det ordførar Erlend Kvamsdal sin tur. Han gratulerte alle med Eldredagen. Vidare fortalde han om dei viktigaste sakene som det vert jobba med i kommunen for tida. Både Masfjordbrua, arbeid med vegutbetringar, oppstart av prosjektet Haugsvær Panorama med kommunale omsorgsbustader gjekk han grundig inn på. Han fortalde vidare om Telenor som kjem til å styrka mobildekninga i og ved Mjanger og at det er kommunen som finansierer dette fullt og heilt, og at ein og planlegg ny mobilantenne i Andvik.

Deretter las han opp Eldrerådet si grunngjeving for tildeling av årets Eldrepris til Ivar Haukeland. Ein pris som me alle såg at Ivar Haukeland sette stor pris på. Ordføraren delte deretter ut prisdiplomet saman med blomar, og det var stor applaus frå salen under utdelinga.

Alf Strand kom med gode avslutningsord, og takka for ein kjekk og god eldrefest. Han la vekt på kor viktig slike arrangement er for mange eldre, og at det å ha gode møteplassar er av stor verdi.

Som vanleg vart eldrefesten avslutta med at alle var med og song «Fager kveldssol smiler».

Tekst og foto: Sveinung Toft

ELDREPRISEN TIL IVAR HAUKELAND



Eldreprisen for 2025 vart tildelt Ivar Haukeland for prisverdig samfunnsgagnleg arbeid for pensjonistar/eldre i kommunen i lengre tid.

Han har og leia Eldrerådet i lang tid, og medverka til mange fellesarrangement for pensjonistar med vidare.

Grunngjevinga som Pensjonistforbundet Masfjordnes kom med til eldrerådet, då dei fremja kandidaten til eldreprisen:

"Ivar Haukeland har i ei årrekkje vore sentral i det frivillige arbeidet for pensjonistar/eldre i kommunen, både som leiar i Pensjonistlaget i Nordbygda og støttespelar for dei andre to pensjonistlaga. Han har leia det kommunale eldrerådet i lang tid, og

medverka til markering av eldredagen og andre fellesarrangement for pensjonistar.

Han har teke opp saker som gjeld eit godt tilbod til eldre i heile kommunen vår. Han er alltid positiv og fortener å bli heidra for ein stor innsats over mange år."

Tekst og foto: Sveinung Toft



GRANNEHEIMSDAG MED SPENNVIDDE

For andre året på rad inviterte radarparet Jo Ronald Mjanger og Jon Martin Skauge til Granneheimsdagen. Også denne gongen hadde dei sett saman eit variert og flott kulturprogram.

Køyrer du forbi Sørkvingo kan du skimta Granneheimen på nedsida av hovudvegen. Det staselege og velhaldne bygget har i snart hundre år vore samlingspunkt i bygda, men i dei seinare år har aktiviteten vore relativt beskjeden. Dei to karane ønskte å bidra til ei endring på dette. Dei tok kontakt med styret i huset, og dermed var Grannedagen eit faktum.

Leiar Gro Marit Kvinge Tande ønskte velkommen før kulturskuleelev Sanna Kvinge fekk æra av å opna kulturprogrammet med vakker song akkompagnert av Jon Martin. Vertane presenterte seg deretter, på imponerende vis, med å levera ein «på sparket» velkomstsong, der tekst vart dikta der og då. Vemund Mjanger Sivertsen tok så over stafettpinnen med ei kraftfull og vakker framføring av Jahn Teigen sin Optimist.

Det verbale innslaget sto Jan Spurkeland frå Seim for. Han er 83 år, men reiser framleis land og strand med foredrag om relasjonsbygging. Det han sa var både tankevekkande og noko publikum kjende seg att i. Gode relasjonar er grunnmuren i alt godt samvær mellom folk, og i all lagbygging.

I matsalen i kjellaren vart det servert kveldsmat før publikum samla seg til del to av programmet. No sto Edvard Mjanger åleine på scena med kontrabassen sin, og serverte noko som dei aller fleste i salen ikkje hadde opplevd før, og i alle høve ikkje i Granneheimen: Improvisatorisk jazz på kontrabass! Musikken fekk oss til å tenka på det kontrabassistar, verdsartistar og legender som Aril Andersen og Nils Henning Ørsted Pedersen har gjort før han. Etter kvart fekk Edvard selskap på scena av fetter og gitarist Henning Hodne Mjanger, og dei leverte flott samspel.





Kvelden vart avslutta med country-konsert med Never Mind frå Fedje, for høvet forsterka med Egil Skjelnes på steelgitar, Jon Martin Skauge på gitar og Jo Ronald Mjanger på vokal. Gjenkjenningfaktoren var stor og det var tydeleg at dette var musikk som gjekk rett heim hjå publikum, for her vart det trampa takt og sunge med.

Granneheimsdagen skil seg på mange måtar frå andre kulturarrangement, for sjeldan kan ein oppleve så ulike kulturytringar i eitt og same arrangement. Slik sett blir arrangementet spennande og ein døropnar inn til kunst- og kulturinntrykk som ein truleg elles ikkje hadde fått oppleve.



Avslutningsvis takka Gro Marit artistar og publikum for ein fin kveld, og håpa på å kunne invitera til ny Granneheimsdag også neste år. Ho minna samstundes om at når ein har arrangert noko tre gongar så er det ein tradisjon!

Ein slik tradisjon må masfjordingane ta imot med opne armar!

Tekst og foto: Frank Kvinge



KVAR VART DET AV CAMILLA?

Eg har vore på mange tilstellingar og konsertar opp gjennom åra, både lokalt og utanfor kommunen sine grenser. Eg har møtt mange kjekke og interessante folk, og nokre av dei tenker eg av og til på. Ein slik person er Camilla Söderström Tveit. Ho vart eg kjend med då ho jobba i kulturskulen her tidleg på 2000-talet. Camilla har eg opplevd som ei veldig sprudlande og blid dame. Men kvar vart ho av?

Eg møtte ho på kulturskulehuset i Knarvik ein onsdag rett før skuleferien starta og vart geleida inn på kontoret hennar.- Eg høyrer ei kjend stemme, sa ho ute i gangen før ho møtte meg, og der kom ho. Like smilande som alltid. Ho verka klar for å bli intervjuet.

-Så det er her du heldt deg no, spør eg.

-Ja, no er eg rektor i Alver kulturskule. Dette er ein mykje større kulturskule enn den som de har i Masfjorden. Me har 750 elevar og 10 skulekorps, så rundt 1000 unge får undervisning kvar veke. I tillegg til ulike musikktilbod er det 140 på dans, 60 på kunst og 60 på teater.

- Har du kontroll på kven dei er?

- På ingen måte, ler ho. Men me har gode system og løysingar som gjer at alle blir godt ivaretekne av dei tilsette. Me er 33 tilsette i kulturskulen, både heiltids- og deltidstilsette.

-Er du rundt om og besøker alle elevane?

-Eg prøver å følgja opp så mange som eg greier. Me har delt elevgruppene mellom oss. Eg har eit særleg ansvar for å følgja opp korpsa.

-Hugsar du første dag på jobb i Masfjorden?

-Ja, eg vart teken imot av Lovisa Midtbø, som då var rådmann i Masfjorden, ho tok seg alltid tid og eg kunne alltid spørja om det var noko eg lurte på. Eg fekk eit stille og lite kontor oppe på loftet på kommunehuset og kunne veldig lite.

Det blei til at eg spurte Frank om ein del ting, og han kunne alltid hjelpa. Han dirigerte skulemusikken då, og eg vart med som assistent.

-Eg hadde kombinert stilling og arbeidde litt i kulturskulen og litt som lærar i skulen. Eg hugsar eg hadde 2. klasse på utedag. Eg opplevde foreldre og kollegaer



som veldig inkluderande og tolmodige med meg som fersk lærar.

- Du hadde mange ulike oppgåver i Masfjorden, kan du fortelja om det?

-Dei to første åra var eg rektor i kulturskulen, og så har eg jobba i korpsa. Eg dirigerte Sandnes skulemusikk frå 2002-2016. Eg var med då skulekorpset på Dalsøyra vart starta igjen, og så slo dei seg saman med Nordbygda skulekorps etter kvart.

- Korleis var det å dirigera Nordbygda, Dalsøyra og Sandnes skulemusikk samtidig?

-Det var kjekt og givande. Eg har nokre sterke minne frå øvingane der eg tenkte at «no kjenner eg at me får til noko saman». Musikantane hugsar kanskje betre dei store konsertane i Stavanger til dømes, men eg har dei sterkaste minna frå gymsalane i lokalmiljøet. Det er noko med dette at når musikantane begynner å spela når dei er 7-8 år, og held fram i skulekorpset til dei er 18-19, då har eg vorte veldig glad i både musikantane og foreldra. Eg har fått vera med når ungdommane veks opp. Eg fekk ein gong ein genser frå ein musikanter med «Andvikgrend, perla i Masfjorden» på. Eg gjekk med den kvar måndag. Eg trur eg brukte den i hell!

- Eg har høyrte at det skjedde noko med buksa di då du var med Sandnes skulemusikk på tur til Oslo.

Kva er historia? Då ler ho høgt og voldsamt... du fekk med deg det ja??

Me var i Oslo på Norgesmeisterskap, eg mista notane mine og bøygde meg ned, og der rakna bukso!! Midt på Karl Johan!!

- Korleis var det å køyra heilt frå Meland til Masfjorden på jobb kvar veke?

-Første året eg jobba i Masfjorden kræsja eg to bilar, og skrapa godt opp den tredje. Ein av dei var då eg var på veg til julekonsert i Eivindvik. Dei sendte helikopter, litt flaut, for ingen var skada. Men eg sat på med ambulansen vidare til Eivindvik og gjennomførte konserten. Veldig pinleg. Etter det gjekk det bra. På reisene til og frå hørde eg på lydbøker, og bibliotekar Inger Jåstad hjelpa meg med å finna dei rette bøkene!

Så vart eg rektor i Meland kulturskule, og då vart det berre tid til ein tur til Masfjorden i veka, om måndagskveldane. Eg gledde meg alltid til desse dagane. Mikromat og Toro eller Fjordland kvar måndag før me starta øvinga. Bilen full av ungdommar som skulle tilbake til hybelen sin i Knarvik eller Bergen etter øvingane. Dette var favorittdagane mine! Eg vart aldri sliten av undervisninga, det berre gav meg energi, sjølv om det var lange dagar!

Får du tid til å vera aktiv sjølv no som du har mann og ei dotter?

-Altså, eg er enormt glad i å spela basstrombone, eg spelar det gjerne på fritida!

I koronatida spelte eg det mykje, då oppdaga eg verkeleg kor viktig musikken er for meg. Eg spelar i korps endå. Eg og mannen min Kjetil må spele i ulike korps slik at me kan vera heime med dottera vår, Inga Nikoline, også.

Samtalen går mot slutten. Det var utruleg kjekt å treffa Camilla igjen etter gamalt. Framleis like sprudlande som då ho underviste og dirigerte masfjordingane. Kanskje ser me henne igjen som gjestedirigert i ein gymsal i Masfjorden ein gong i framtida? Det hadde vore stas.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

LIVSMEISTRINGSVEKA



Ei veke der psykisk helse var i fokus, inneber og situasjonar knytt til livsmeistring. Måndagen denne veka i haust, starta med at dei tilsette ved Matre skule inntok scena. Med elevane som publikum, hadde me tilsette prøvd å forkledd oss godt, med både parykkar, pynt og klede, tok me sats og dansa til ein god gammal slager...macarena! Både applaus og smil fekk oss til å kjenna på meistring. Elevane fekk deretter sine eigne dansegrupper, blanda alder, frå eldst til yngst. Dei laga så sine eigne dansar.

I denne veka hadde me besøk av Salto frå Knarvik, helsesjukepleiarane og politi. Elevane fekk små møtepunkt, der dei både lytta og samtala med andre aktørar. Mat og helse-elevane laga eplekake til alle på skulen, det vart laga felles bilete, og tenkt tankar over kva som gleder ein sjølv og andre. I ungdomsskulen heng det no ei grein frå taket, med alle elevane sine sjølv laga lauv. På lauvet står det kva som gleder elevane våre.

Fredag den samme veka vart elevane delt i aldersblanda grupper. Gruppene var innom ulike stasjonar denne dagen. Stasjon : lagånd, vennskaps-armband, å laga sitt eige stempel, spel og nålefilting. Til lunsj serverte 10.klasse pizzabollar til heile gjengen. Ikkje minst avslutta me med ei biletefram-syning av alt me hadde meistra denne veka.

Tekst og foto
Silje Vågseth Kjetland

EIN KJEKK ETTERMIDDAG I BEDEHUSET

Masse folk. Mange generasjonar frå oldemor til oldebarn. Veldig kjekt. Me er inne i ein ny "giv". Mange nye medlemmer. Nytt prosjekt. I fleire veker har me hatt fire geitebukkar gåande oppe ved Haugsværvatnet. Til glede for store og små. Dette er etter forslag frå den litt yngre "garde". Til våren kjem det fem til som skal vera her heile sommaren.



Basaren gjekk strykande. No har dei yngre damene teke over og lager til basaren. Dette er me som er eldre veldig glade for. Dei dekkja bord, serverte kaffi og kaker. Selde årer og trekte gevinstar. Alle årene var utselde og dei minste ungane leverte gevinstar. Loddbooka vart trekt. Mange vann mykje medan andre fekk kanskje ingenting. Men det er gøy med basar.

Takk til alle som kom og var med. Me skal bruka pengane til nytte for fellesskapet.

Tekst: Torill Vågseth Kristoffersen

STOR GÅVE TIL INNKJØP AV FRITIDSUTSTYR

Masfjorden kommune har fått tildelt heile 200.000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Pengane skal gå til innkjøp av fritidsutstyr.

Kvart år deler Sparebankstiftinga ut gåver av overskotet til Sparebanken Sogn og Fjordane. Pengane skal gå til samfunnsnyttige tiltak. Frivilligkoordinator Kristin Rasch søkte om midlar på vegne av kommunen, og fekk i starten av november ta i mot den store gåvesjekken.

-Desse pengane skal gå til innkjøp av fritidsutstyr, og gjer oss ein veldig god start på ønskje om ein utlånssentral i kommunen. Her må me mellom anna ha idretten med på laget, og få oversikt over behovet. Det er til dømes viktig at utlånssentralen er open dei to dagane det kjem snø, elles vil ikkje dette fungere godt. Me jobbar no med å kartlegge korleis me kan leggje til rette for eit slikt tilbod på ein god og brukarvenleg måte for heile kommunen, fortel Kristin.

Sparebanken Sogn og Fjordane ligg i Gulen, men har



veldig mange kundar i Masfjorden. Dei har vore til god hjelp i søknadsprosessen! Me er heldige som har eit lokalkontor i Sløvågen, med dyktige og hjelpsame tilsette som jobbar for oss i distriktet.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes

SKULEKORPSA PÅ FANAFESTIVALEN



16.november deltok Sandnes og Nordbygda samarbeidskorps på konkurranse i samband med Fanafestivalen. Dei gjorde ei flott framføring av sitt konsertprogram og oppnådde ein strålende fin 3.plass i sin klasse.

I haust har skulekorpsa i kommunen samarbeidd med Fanafestivalen som mål. Bak seg har dei eit helgeseminar, to konsertar og fellesøvingar kvar veke sidan haustferien. Kvar for seg er korpsa små, men når dei slår seg saman får dei ein god besetning som gjer at dei kan spela meir utfordrande og fengande musikk utan å vera så sårbare som ei lita gruppe er. Og så vert det sosiale kjekkare, med fleire «å spela seg med».

Korpset framførte fire ulike musikkstykke, under leiing av dirigent Joacim Gjerdevik. Tilbakemeldingane frå dommarane i konkurransen var positive, og korpset fekk skryt for god klang og flotte solistprestasjonar.

Dommarkommentarane skal også innehalda noko om kva det bør jobbast vidare med for at den gode utviklinga skal halda fram, og her fekk musikantane tips om å utnytte pusten betre i dei rolege musikkstykkene og å spela tydelegare (meir artikulert) og litt frekkare i dei raske låtane. I tillegg vart det etterlyst større kontrastar mellom sterkt og svakt (dynamikk).

Korpset hadde si framføring på formiddagen. I tida mellom konkurransespeling og festkonserten på kvelden lytta ein til andre korps som deltok. Det vart også tid til eit besøk i trampolineparken Rush, med halvanna times hopping og spretting, og med pizza til «dessert».

Tekst: Frank Kvinge
Foto: Åshild Skuggedal

GJEVARGLEDE I MASFJORDEN

I oktober vart TV-aksjonen gjennomført som tradisjonen er. TV-aksjonen i år gjekk til Atlas-alliansen og han skal opna dører for funksjonshemma som lever i krig og fattigdom.

”Saman skal me gje nødhjelp, utdanning og høve til eit betre liv.”

Soknerådet i Masfjorden stod for tur til å ta på seg rolla som bøssebærarar med ordførar som leiar for komitèen.

Det er veldig kjekt å sjå at me ligg på det gjevne frå tidlegare TV-aksjonsår. Då ser me bort i frå 2024, som var eit uvanleg år der pengane gjekk til barnekreftforeininga.

- Resultat: 20 kr over landsgjennomsnittet, så langt over har ikkje Masfjorden lagt tidlegare. 69,30 kr. pr. innbyggjar. Totalt 117388,- kr. i kommunen.
- Full bøssebærardekning, med god innsats frå Soknerådet som fekk rundt bøsser og samla inn mykje pengar. Andelen pengar i bøssa går ned, men det er viktig å gå rundt og banke på dørene for å minne folk på aksjonen.
- Me fekk dubling av bidraget til næringslivet frå i fjor, heile 20 000,- kr. fekk me inn. God innsats frå ordføraren, som ringde rundt til bedrifter og fekk samla inn mykje støtte på den måten.

Alt i alt ein flott innsats frå innbyggjarane i Masfjorden kommune til ei viktig sak.



Saman opnar me dører.

Tekst: Beate Sandnes

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes

MARKERING AV EIGENBEREDSKAPSVEKA

Eigenberedskapsveka er lagt til siste veka i oktober.

Då vert det sett fokus på kva me sjølve bør gjera for å førebu oss på ei eventuell krise. Fredag i denne veka stod tilsette frå kommunen på Spar Hosteland med informasjon til innbyggjarane. Det vart mange gode samtalar om både eigenberedskap, beredskapsvenner og beredskapslager.

Billettekst: Kristin Kvamme Rasch og Sigrun Haugsdal Reknes rigga seg til på Spar Hosteland. Han i midten er eit godt døme på korleis det kan gå dersom du verken har beredskapslager eller venn.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Kolbjørn Reknes



FLOTTE SKYTTARPRESTASJONAR

Oppedal/Brekke skyttarlag markerte gode prestasjonar på skyttarfesten i oktober. På biletet ser me masfjordingane Thorvald Furebotn, som sikra seg sølv i NM skogsløp normal og 4. plass på skogsløp NM SPRINT. Og Jenni Storsæter Hope med fullthus både i innleiande og finale på felt. Medalje og 12. plass med like mange treff som vinnaren. Elina Østerbø med tre pallplassar på NM skogsløp, sølv på sprinten og på stafetten og bronse på normal distansen, og Mathilde Wergeland med NM gull i skogsløp normal og medalje (4.plass) på baneskyting i kikkertklassen.



BRUK REFLEKS!

Refleks er den rimelegaste forsikringa me har. Hjelp barna og ungdomane med å hugse på refleksen!

Haust betyr at det er tidleg mørkt både på morgenvisten og om kvelden. I tillegg kan det vere ekstra krevjande køyreforhold, med regn og våt vegbane. Dette gjer at det er vanskeleg å sjå personar som går langs vegen.

Bruk av refleks reduserer risikoen for å verte påkøyrd med 85 prosent. Det er slik den beste forsikringa me har!

Og visste du at refleksen ikkje varer evig? Den har ei levetid på omlag tre år, og dersom den er ripete, skitten eller slitt så bør den byttast ut.

Ta ein runde og kvalitetssjekk refleksane i husstanden, og minn gjerne barna og ungdomane på at refleksen fungerer best når den ikkje ligg i lomma.

Tips til god refleksbruk:

- Refleksen bør hengje i knehøgde for å motta mest mogleg lys frå billykter.
- Refleksar som beveger seg i bruk er mest synlege.
- Brukar du to eller fleire refleksar vert du sett frå begge sider når du krysser vegen.
- Riper svekker refleksjonsevna, så bytt ut gamle refleksar.
- Refleksvestar vert dårlegare ved vask, og bør byttast ut årleg ved jamleg bruk.
- Alle godkjente refleksar skal vere merka med CE og ha eit EN-nummer.



KARRIEREMESSE I MASFJORDEN OG GULEN



Dei flotte ungdomskuleelevane i Masfjorden og Gulen var samla til foredrag med Samuel Messie og ei flott karrieremesse! Kjekt med eit godt samarbeid mellom, skulane, NAV, GMU og frivilligsentralane!

Samuel Massie haldt eit foredrag om ein ung mann si forvandling frå skuletapar til verdenserobrar. Han fortale om ein vanskeleg start i møte med skulekvardagen, kjensla av å ikkje passe inn nokon plass. Ei mor som ikkje gav opp og hadde trua på han, sjølv om Samuel som 16-åring hadde mista all sjølvtrillit og hamna i politiets søkelys.

Livet til Samuel endra seg då mor fekk han inn på folkehøgskule i Nord-Norge, men fokus på friluftsliv. Etter mykje overtalingar reiste han til Nord-Norge og etter kvart var han mønstra på seglskuta Berserk med kurs mot Sydpolen.

Ungdommane fekk høyre eit foredrag som handla om å ikkje miste trua når ting er vanskeleg. Bodskapen var - hald fast, ta grep om livet ditt og ikkje gje opp.

Det var ei flott karrieremesse der mange av våre



fantastiske verksemdar i regionen deltok, og stod klar til å ta i mot ungdomen vår og jobbsøkjarar.

Artig å sjå stor kreativitet knytt til dei ulike verksemdene, her fekk ungdomane og andre teste både koordinering, hjerne og musklar. Og ville ein ta ein test av blodtrykket så stod lærlingane frå Masfjorden klar.

Tekst: Kristin Kvamme Rasch

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes

MASFJORDEN BU- OG AKTIVITETSSENTER SIN ÅRLEGE BASAR

Torsdag 6.november var det tid for MBA sin årlege hus-basar. Her var det trakkande fullt.

Folk kom «ramlande» inn døra på aktivitetssenteret. Familie, vener og bygdefolket elles. Eg trur eg aldri har sett så mange folk her sidan eg flytta inn i 2021. Det vart så fullt at det måtte setjast fram fleire stolar, men eg trur alle fekk sitjeplass til slutt.

Som på alle andre basarar, starta me med eit åresal. Gevinstar og tal blei lesne og delt ut av bebuarane på MBA. Stemninga var god. Det var også matpause med kaker og kaffi laga av oss på MBA, og praten gjekk livleg. Her kunne ein forsyne seg med muffins, sjokoladecake og gulrotkake. Om sistnemnde fekk me frå ein av gjestane høyra at kaka var luftig og god.

Etter nokre rundar med åresal var det tid for å trekka loddbøkene. Det var ein veldig vellukka kveld! Sidan det kom så mange folk, får me



kanskje vurdere å ha det utendørs neste år, eller bygga på!

Takk til alle som kom, velkommen igjen neste år!

Tekst: Jo Ronald Mjanger

NYTT UNGDOMSRÅD

No er det endeleg klart kven som er valt inn i Ungdomsrådet 2025-2026. Kommunestyret gjorde følgande vedtak i møte torsdag 30. oktober:

Ungdomsrådet for 2025-2026 vert samansett slik:

Sandnes skule sine representantar:

- Madelein Strand Andvik, vara Andrea Lathi Fjellby
- Oliver Ekren, vara Karina Totland Rong

Nordbygda skule sine representantar:

- Håvard Halland, vara Lisa Marie Kvamsdal
- Thea Birkeland-Soma, vara Nora Kristine Reknes Larsen

Matre skule sine representantar:

- Håkon Kjetland, vara Lukas Venslauskas Trædal
- Maja Storsæter Hope, vara Augusta Trædal Berg

Representant frå vidaregåande skule:

- Arve Oppedal

Gratulerer, me håpar det blir ei lærerik og engasjerande tid for medlemmene.

Tekst: Wenche Dæe

INFORMASJON OM BRANNTILSYN OG FEIING

Varsling av tilsyn og feiing skjer via SMS som blir sendt ut i forkant av besøket. Dersom du har reservert deg for offentlege meldingar vert du varsla via brev i posten. Sms kjem frå eit langt telefon-nummer. Dersom du er usikker på meldinga kan du kontakta brannførebyggjar eller Masfjorden kommune, tenestetorget for å få ei stadfesting på at brannvesenet har sendt ut melding. **Det er svært viktig for oss at det kjem svar på meldinga.** Dersom me ikkje får svar, kjem me heller ikkje på tilsyn.

Linken som ligg ved i sms treng ein ikkje gå inn på for å kunne svare. Her ligg det berre meir informasjon om tiltaket som skal utførast.

Det er svært viktig for oss å ivareta branntryggleiken til innbyggjarane i kommunen, det er difor viktig at me får utført tilsyn og feiing.

Det er eiger sitt ansvar at alt er i orden om det eventuelt skulle skje noko. Om det ikkje passar den dagen du har fått melding om, kan du ringe til brannførebyggjar for ny tid. Feiing kan bli utført utan at eiger er til stades så lenge det er feiing frå tak, men då må eigar sjølv fjerna sotet frå sotluka.

Det er ikkje lenger fast intervall på feiing og tilsyn. Tidlegare kom vi på bustadtilsyn kvart fjerde år, og feiing kvart andre år. Ny forskrift om brannførebygging frå 1. januar 2016 seier at kommunen skal feie og føre tilsyn med fyringsanlegg ved behov. Nokre bustadar har behov for feiing oftare enn andre, avhengig av kvalitet på omnen og kor mykje han er i bruk. Difor kan du oppleve at naboene har feiing oftare enn deg. I utgangspunktet vert det ikkje utført feiing før tilsyn er gjennomført. Ein viktig del av tilsynet består av å vurdere behovet for feiing. Vert det avdekka behov, vil feiing verta varsla på nytt ved eit seinare høve. Tilsyn og feiing blir utført av brannførebyggjarar som skal ha på seg uniform og ID kort.

Melding frå **brannvesenet**.

Brannvesenet kjem på feiing av fyringsanlegg hjå deg i Austfjordvegen 1076-H0101, den **30.10.2024** - .

Svar på denne sms med talet 1 eller 2

1- Tidspunktet passar. Me har ein avtale!

2- Tidspunktet passar ikkje. Eigar tar kontakt for ny avtale.

Trykk på link for meir informasjon:

<https://q.norkart.no/dzGmrG5>

Med helsing

Gulen og Masfjorden **brann** og redning

Viviann Mjelstad (453 16 357)

Gebyr for feiing og branntilsyn vert fastsett av kommunestyret. Årleg gebyr dekkar drift av feiartenesta. Tenesta skal vera til sjølvkost.

Du kan nå oss på
tlf. 488 45 735 Kristian Kvinge og
tlf. 453 16 357 Viviann Mjelstad

Tekst: Kristian Kvinge og Viviann Mjelstad
eller på e-post:
brannforebygging@masfjorden.kommune.no

Røykvarslarar reddar liv

Byt batteri på røykvarslardagen, så har du gjort eit bittelite grep for å kunne nyte alle dei andre dagane i året

1. desember

OFFENTLEG ETTERSYN

AV FRAMLEGG TIL KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET 2025 – 2037 FOR MASFJORDEN KOMMUNE.



Formannskapet vedtok i møte den 21.10.2025, i sak 96/2025 å leggja framlegg til planen ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 11-14.

Frist for innspel er sett til 20.12.2025 og skal sendast til:

**Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724 - 5981 Masfjordnes
eller post@masfjorden.kommune.no**

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2025-2037 vil når den er godkjent, erstatta gjeldande «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024» som ved vedtak i kommunestyret er forlenga til å gjelda til ny plan er på plass.

Kommunedelplanen skal vera eit politisk dokument og eit styringsverktøy for temaet idrett, nærmiljø og

fysisk aktivitet i Masfjorden kommune. Det er eit krav frå Kulturdepartementet om at tiltak må vera prioritert i ein kommunal plan for at kommunen skal kunna søkja spelemidlar. Planen inneheld og framlegg til handlingsplan for perioden 2025 – 2029, og tiltak på denne lista gjev rett til å søkja om spelemidlar.

Kommunedelplanen inneheld både langsiktige mål, tiltak og strategiar som skal vera styrande for utviklinga innanfor dette viktige sektorområdet i planperioden. I høyringsperioden ønskjer ein spesielt tilbakemeldingar på framlegg til målsetjingar og tiltak, for å få ein så god plan som mogeleg. Når høyringsfristen er over vil alle merknader verta handsama vidare inn mot den endelege slutthandsaminga i kommunestyret.

Framlegg til kommunedelplan er også å finna på Masfjorden kommune si heimeside under kunngjeringar og høyringar.

KJEKKE HUSKONSERTAR

Når november kjem og mørket fell på har kulturskule-elevane for vane å invitera til huskonsertar på skulane, så også i år. Første konsert var på Sandnes skule, for ein fullsett sal med elevar, lærarar slekt og vener.

Ei veke seinare var det elevane på Nordbygda sin tur. Det vart verkeleg fine stunder med flott song og musikk framført av dyktige og modige elevar, og elevar og lærarar i herleg samspel. Og utstilling.

Rektor på Nordbygda fastslo at desse huskonsertane er eit av høgdepunkta i skuleåret.

Rektor på Sandnes skule oppsummerte, og hennar ord er dekkande for begge konsertane:

«Me er heldige! Dette innlegget skulle hatt lyd! I dag har kulturskulen hatt huskonsert på skulen vår. Det er alltid ekstra stas når me samlast i gymsalen og får oppleva desse tradisjonelle og viktige konsertane av og med «våre eigne» som kan oppsummerast med desse orda:

Dyktige små og store, kvalitet, modige, fengande tonar og kule rytmar, rørende innslag, gode førebilete, debutantar, liten og stor i fellesskap, ut av komfortsona, utvikling, meistring - og eit nydeleg og begeistra publikum. Tusen takk for denne stunda!»

Tekst og foto: Frank Kvinge






MØNSTERELEVEN

29. september hadde mellomtrinnet på Matre skule besøk frå Den kulturelle skulesekken. I to skuletimar arbeidde me med mønster.

Mønsterane me brukte til inspirasjon er henta frå ulike gjenstandar på museum rundt i Vestland fylke. Først teikna me eit mønster på linoleum, for så å skjera det ut. Ulike og unike mønster kom til syne. Til slutt vart kunstverka trykte på papir. Tusen takk til Sigrid Fivelstad for kjempefine timar.

Tekst og foto: Anita B. Solheim



IDRETTSDAG PÅ MATRE SKULE



11. september var mellomtrinnet i Masfjordskulane samla til idrettsdag på Matre skule.

Dagen var todelt med natursti og friidrett. Elevane gjekk natursti i grupper på tvers av skulane. Postane var fordelt rundt på Matre og praten gjekk både på og mellom postane.

På idrettsbana hadde dei same gruppene lengdehopp, hekkeløp, liten ball og 60 meter.

Me hadde også felles lunsjpause med fotball og leik i leikeapparata. Mange store smil og glade fjes å sjå. Me avslutta ein aktiv og energisk dag med ein stor applaus til oss sjølv.



Tekst og foto: Anita B. Solheim

HAUSTAVSLUTNING FOR KUNSTGRUPPA



Også denne hausten har kulturskulen hatt ei ivrig og kreativ kunstgruppe i gang på Nordbygda.

Elevane har vore samla på frivilligsentralen saman med læraren Anne Marit Palmer kvar tysdag no i haust.

No var det på tide med ei lita haustavslutning, der kunstgruppa hadde invitert foreldre og søsken til kaffi, kaker og utstilling.

Elevane har laga flotte kunstverk, og viste stolt fram kunsten sin.

Alle elvane var samde om at kunstgruppa var ein kjekk stad å vere, der dei fekk lære seg nye kunstuttrykk, og lage flott kunst. Fleire av elevane har vore med i mange år, og har planar om å vere med så lenge dei kan.

Det var ei flott avslutning med stolte elevar og flott kunst.

Tekst og foto: Wenche Dåe



KARTLEGGING

I år har Masfjorden frivilligsentral hatt ute ei kartlegging av behov for frivillig hjelp. Denne kartlegging kom i postkassa til alle innbyggjarar i Masfjorden. Her kunne ein krysse av om ein hadde behov for praktisk hjelp ,sosial oppdrag eller anna hjelp. Ein måtte og krysse av for samtykke til at frivilligkoordinator kan bruke informasjonen og kontakte den som hadde sendt inn svar.

Frivilligkoordinator har jobba med dei innsendte kartleggingane i haust. Dette tar tid når ein skal kontakte alle som har sendt inn ,og finne gode løysningar for kvar enkelt behov.

Her har det vore mange kjekke og gode samtalar med berre positive menneske, både med dei som treng ei ekstra hand i kvardagen og dei frivillige eller andre aktørar som frivilligkoordinator har vore i dialog med. Det er mange positive innbyggjarar i kommunen som vil vere med å hjelpe.

Masfjorden kommune vil legge ut på heimesida eit digitalt skjema der innbyggjarane kan fylle ut og sende til frivilligsentralen om ein har behov for litt ekstra hjelp i kvardagen.

Vil presisere at dette ikkje er lovpålagte oppgåver, så me kan ikkje garantere hjelp, men me vil prøve å finne gode løysningar for deg.

Har du spørsmål ta kontakt med Kristin K Rasch 90 10 41 39 eller send e-post til kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.no Samtalen er konfidensielt.

Vil du gjere ein frivillig innsats?

Som frivillig bidreg du til ein skilnad i kvardagen for andre.

I Masfjorden har me fleire innbyggjarar, både damer og menn som treng ei ekstra hand
- kanskje du vil bidra?

Tenkjer du no at, ja eg har litt tid til overs, og ønskjer

å glede og hjelpe andre som treng ei ekstra hjelpande hand så kan du ta kontakt med frivilligkoordinator



Kristin K Rasch
901 04 139 eller gå inn på:

Heimesida til Masfjorden kommune
-www.masfjorden.kommune.no, og rull deg ned til det blå feltet heilt nede på sida. Der finn du lenke til Frivilligsentralen i Masfjorden , der er det lagt til ein eiga rute for å melda seg som frivillig til praktisk hjelp (sjå bilde under).



ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR BRU OVER MASFJORDEN

Kommunestyret i Masfjorden vedtok i møte den 28. november 2017, i sak 069/2017 reguleringsplan for bru over Masfjorden. Hovedformålet med reguleringsplanen var å leggja til rette for hengebru over Masfjorden med tilhørende viaduktar og tilkomstvegar, samt sikra areal til fortau og utbetring langs fylkesvegar i planområdet.

Det er no i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 starta opp reguleringsendring av reguleringsplan for bru over Masfjorden.


Målet med reguleringsendringa er å optimalisere arealbruken på begge sider av fjorden, mellom anna har ein drøfta ny vegløyning på sørsida (ved Sandnes) med rundkøyring i staden for tosidig bergskjering. Det er eit alternativ som vil minimere inngrepet i fjellsida. Då kan vegen til Sandnes sentrum og vegen til Andvik møtast i ei rundkøyring. Vidare vert det føreslått endringar på nordsida knytt til tunnel til forankringskammeret, samt justering av vegtraseen og flytting av busslommer.

Planarbeidet opnar og for drøftingar knytt til alternativ bruløysing som er flytebru. Eit alternativ med flytebru forma som endeforankra bue med høgbrekk for seglingslei midtfjords vil difor bli eit viktig tema.


Ei flytebru har sjølvsagt utfordringar knytt til redusert seglingshøgde og skipstøt. Eigne analyser knytt til skipstøt og bruløysing vil difor vera ein viktig del av planarbeidet. Selskapet Dr. Techn Olav Olsen jobbar no med dette i nært samarbeid med eit fagmiljø i Sverige. Nedunder er konseptskisse av den aktuelle bruløysinga vist:

Ei flytebru vil kunna bli billigare og samstundes kunna gje gunstigare tilpassing til terrenget og enklare tilknytingsvegar på begge sider av Masfjorden. Planarbeidet vil avklara om dette er vegen vidare for Masfjordsambandet.

Tekst: Sveinung Toft, ass.rådmann



T.v.: Beskriving av brua brukt i simuleringa; dei ulike brudekknivåa mellom pongtonane er vist.



Figur 1: Konseptskisse for flytebru med høgbrekk midtfjords for seilingsløp på 80 x 25 m.

Den andre skissa viser høgdena på pongtongane aukar utover til midten av fjorden.

INFO FRÅ HELSESJUKEPLEIAR

Sjukdomsforebygging

- **Sesongvaksinering:**

Kommunen har nokre influensa- og coronavaksiner igjen. Pneumokokkvaksine kan også bestillast. Ta kontakt med legekantoret eller helsestasjonen for avtale dersom du ønskjer vaksine.

- **Oppfriskingsvaksiner:**

Ikkje alle vaksinene du får gjennom barnevaksinasjonsprogrammet, gjev beskytting livet ut. Folkehelseinstituttet tilrår difor påfyll av enkelte vaksiner i vaksen alder for å oppretthalde beskyttinga mot sjukdomane.

Les meir om dette på:

<https://www.helsenorge.no/vaksinasjon/oppfriskningsvaksine/>

Oppfriskingsvaksiner kan bestillast via legekantoret eller helsestasjonen.

Vaksine mot difteri, stivkrampe, kikhoste og polio er tilrådd å ta kvart 10.år.


- **Usikker på kva vaksiner du har fått og når?**

Du kan sjekke alle vaksiner du har fått tidlegare på [helsenorge.no](https://www.helsenorge.no).

- **Andre sjukdomsforebyggande tiltak:**

Minner på god h ndhygiene, hoste i albogen, og halde seg unna andre, spesielt s rbare grupper, dersom ein er sjuk for   unng  smittespreiing. Les meir om dette p :

<https://www.fhi.no/sm/luftveisinfeksjoner/handhygiene/#hvordan-forebygge-smitte>



Barn som p r rande i Masfjorden kommune

Mange barn opplever   vere p r rande i l pet av sin oppvekst. N r noko skjer med foreldre, s sken, eller andre i n r familie, p verkar det barna sin kvardag. Dei har d  behov for   bli sett, lytta til, og   f  den informasjonen, st tta, og oppf lginga dei treng.

Kva vil de seie   vere barn som p r rande?

Det kan vere mange ulike  rsaker til at barn blir p r rande, blant anna kan det vere tilh ve i familien som:

- Psykisk sjukdom
- Fysisk sjukdom eller skade
- Demens
- Misbruk av alkohol eller andre rusmidlar
- D dsfall
- Samlivsbrot
-  konomiske utfordringar
- Vald i familien
- Nokon i n r familie som sitt i fengsel
- Flyktningbakgrunn

Det kan ogs  vere andre forhold som f rer til at barn blir p r rande, ta ogs  kontakt for andre  rsaker enn dei som er nemnt over som gjer at barn blir p r rande.

Kontaktperson for barn som er p r rande kan tilby:

- Samtalar med barna
- Samarbeid og rettleing til foreldre
- Dialog med, og informasjon til barnehage eller skule
- Informasjon og kunnskap om det   vere barn som p r rande
- R d og rettleiing til barnehage og skule, eller andre relevante fagpersonar
- Samarbeid med andre tenester etter samtykke fr  foreldre

- Tilvisse til andre hjelpetenester ved behov

Kven kan ta kontakt?

Familien sjølv eller andre personar, både private og tilsette i offentleg sektor, som får kjennskap til at barn er pårørande, kan ta kontakt.

Kontaktpersonar for barn som pårørande i Masfjorden kommune:

Laila Mjånes,
leiande helsesjukepleiar Masfjorden helsestasjon
Tlf. 484 80 646/56 16 63 14

eller
Ann Helen Engesæter
nestleiar Gulen og Masfjorden barnevernteneste
Varakontakt barn som pårørande i
Masfjorden kommune

Tlf. 577 82 060 (spør etter Ann Helen Engesæter)

BORGARLEG VIGSLE

10. oktober 2025:

Synne Kristin Søvde Holmaas og Sølve Finne



**JULEGÅVEAKSJONEN
I MASFJORDEN**

Jula er ei tid med mange ekstra utgifter. Kom det ei uventa rekning som gjer tanken på å handle julegaver tung? Då er dette for deg og dine! Årets julegåveaksjon er for absolutt alle som treng hjelp med gaver til barna denne jula. Me har gaver til barn frå 0-18 år.

KORIEIS HENTE GÅVER?

PÅ BIBLIOTEKET
Plukk det du treng sjølv frå "gåvekroken" på biblioteka i tidsrommet 01.-20.desember.

Opningstider:
Sandnes filial - måndagar kl.13-19
Hosteland - tysdagar kl.13-19
Matre filial - torsdagar kl. 12.30-18.30

ELLER

ETTER AVTALE
For spørsmål eller avtale om henting på Frivilligsentralen, send ein e-post til:

kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.no

Alle henvendingar vert behandla konfidensielt.

VIL DU GJE?
Vil du vere med og bidra til at barn i familiar med økonomiske utfordringar får ei fin jul? Lever inn julegaver frå 19.november - 05.desember her:
• Masfjorden folkebibliotek • Kommunehuset på Sandnes
• Nærbutikken Kvingo • Spar Hosteland • Joker Haugsvær

Me ønskjer alle ei fin jull
Masfjorden frivilligsentral
Masfjorden folkebibliotek

**FRIVILLIG
SENTRAL**

**NORDHORDLAND
LOKALFESTIVAL**

"Eg elsker felleskapet på UKM"

FOR UNGDOM I ALVER, MASFJORDEN OG AUSTRHEIM KOMMUNE
LAURDAG 31.JANUAR 2026
STAD: STORSTOVA PÅ LEIKNES BARNESKULE
ALDERSGRENSE: 13-20 ÅR.
FYLLER DU 13ÅR I 2026 KAN DU DELTA.
PÅMELDING PÅ UKM.NO

**PÅMELDINGSFRIST FOR
UNGE ARRANGØRAR,
MEDIA OG KONFERANSIERAR
12.DESEMBER**

DELTA MED TIL BØMES:

DANS
TEATER
KUNST
LITTERATUR
FILM
KONFERANSIER
MEDIA
UNG ARRANGØR
MUSIKK: BAND, INSTRUMENT
ELLER SONG
HUSBAND FOR DEI MED SONG

**PÅMELDINGSFRIST
FOR DELTAKARAR
12.JANUAR**

UKM
UNG KULTUR MØTAST

Helsestasjon for ungdom Masfjorden kommune

Jul og nyttår 2025

DROP-IN:

Det blir drop in på helsestasjon for ungdom i Masfjorden mandag 22. desember kl. 13:00-15:00. Du treng ikkje timebestilling for å kome denne dagen.

HFU ETTER AVTALE:

Det er mogleg å få planlagt time på helsestasjon for ungdom

- Måndag 29. desember
- Tysdag 30. desember
- Fredag 2. januar.

Send melding via hels norge, eller kontakt oss på telefon 48480646, så set me opp ein time til deg.



🎵 HOLD DATOEN!

Dansekurs med Ole Petter Knarvik 🕺

Er du mellom 11 og 19 år og glad i dans? Bli med på ein energisk og inspirerende UKM-workshop med Ole Petter Knarvik!
To lørdager med rytme, bevegelse og masse moro!

● UKM-workshop - gratis og inkluderande!
👉 Meir info kjem - men sett av datoane allereie no

10. JANUAR 12.00-15.30
24. JANUAR 12.00-15.30

📍 Nordbygda samfunnshus

Påmelding innen 2. januar

Påmelding Masfjorden: frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
Påmelding Gulen: maren.daae.eide@gulen.kommune.no

Arrangør: Gulen Frivilligsentral og Masfjord Kommune



Då er boka i handelen!



Kr 200

Vipps nr. 851471

Bankgiro 05400854132

Boka er å få kjøpt på butikkane i kommunen og på kommunehuset.



JULEKONSERTAR

Frøyset kyrkje

søndag 14. desember kl 15.00

Solheim kyrkje

søndag 14. desember kl 18.00

Sandnes kyrkje

måndag 15. desember kl 18.30

Masfjorden sjukeheim

tysdag 16. desember kl 17.00

Fri entré

Kollekt til Kirkens nødhjelp

Arr.: Song og musikk-krefter i Masfjorden

KONTAKTINFORMASJON



FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristane:

03.02, 17.03, 02.06

Notér datoen i årshjulet
for organisasjon din.

Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige
stunder frå hendinga i etterkant,
slik at folk i bygdene kan få
eit innblikk i det som skjer.

KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61

e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes

Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515

E-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sekretær/kyrkjetenar Frøyset: Tetiana Puliaieva

Tlf. 56166269/925 15 855

E-post: tetiana.puliaieva@kyrkjaimasfjorden.no

Organist: Boris Kuprijanov

Tlf. 920 60 993

E-post: kuprbor@gmail.com

Konfirmantmedarbeidar:

Halvard Werner Gullaksen,

Tlf.: 902 14 307

E-post: halvard.werner.gullaksen@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjegardsarbeidar: Remi Kallekleiv

Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no

Vipps Masfjorden sokn: 620513

MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00

Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

mary.hope@masfjorden.kommune.no

[sigrun.haugsdal.reknes@](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)

masfjorden.kommune.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

